

Tore Johan Mehl  
Løbergstien 14  
5073 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4455 - 21/38516

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
08.06.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 341/14 Skarpeneset

Tiltak: Utviding av eksisterende plattning/terasse  
Byggjestad: Gbnr: 341/14  
Tiltakshavar: Tore Johan Mehl  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.05.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grad av utnytting må reknast ut i innsendt skjema, se under pkt. Arealdisponering på innsendt skjema. Det må opplysast om eksisterande bebygd areal (BYA) og bruksareal (BRA), samt ny BYA og BRA etter utviding.
2. Fasadeteikningar før utviding. Teikningane må vere målsett, også dei som viser tiltak etter utviding. Det må kome tydeleg fram kva som er eksisterande og kva som er nytt. Marker gjerne med ein farge kva som er nytt/omsøkt.
3. Det er vanskeleg å sjå om reinseanlegget skal bli heilt kledd inn i form av eit tilbygg. Dersom det er tilfelle, må det sendast inn fasadeteikningar som viser høgde og briedd.
4. Terrasse med høgde meir enn 0,5 meter over ferdig planert terreng og som er større enn 15 m<sup>2</sup> må ikkje ligg nærare enn 4 meter til naboeigedom. Utifrå innsendte teikningar er avstand til naboeigedom 3,95 m. Det må da enten leggjast ved samtykke frå eigar av gbnr. 341/13,32 elles må det søkast om dispensasjon frå pbl § 29-4.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan [sett inn dato]. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Tore Johan Mehl

Løbergstien 14

5073 BERGEN